



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Christian Hagerup Reinshol

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Odd Høydalsvik / 55516377	Vår referanse: 16/32187-2	Dykkar referanse: 14/1695	Vår dato: 14.03.2016
------------------------------------	---	------------------------------	------------------------------	-------------------------

Reguleringsplan for Keilen Vest Gnr. 125 bnr. 6 – Lindås kommune – Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn

Vi viser til Dykkar brev av 25.02.16 med framlegg til reguleringsplan for gnr. 125, bnr. 6, Keilen Vest i Lindås kommune.

Planområdet er på heile 192 daa og hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for eit større bustadfelt på Keilen, med 34 einebustader og 3-4 fleirmannsbustader. Totalt vert et opna for maksimalt 50 bustader i området i tillegg til at det vert lagt til rette for etablering av småbåthamn i eksisterande naustområde.

Statens vegvesen har ved to høve fått varsel om oppstart av planarbeid i det aktuelle området. Først varsel frå ADU Atle D Utkilen i brev av 16.05.11 for heile planområdet. Seinare i brev av 29.04.15 frå Ard arealplan som omfattar ein mindre del av planområdet. Slik vi no ser det er det no utarbeidd eit planframlegg med bakgrunn i varselet av 16.05.11 frå ADU Atle D. Utkilen. Planframlegget er no lagt ut til offentlig ettersyn.

Planframlegget byggjer på den overordna kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad (2010-2022) med bustadområdet B-1. Tiltakshavar har valt å foreslå bustader og småbåthamn i strandsona som i kommunedelplanen (KDP) er avsett til funksjonell strandsone.

I vår uttale av 29.04.15 til Ard arealplan peika vi på at området hadde tilkomst via den kommunale vegen Keilevegen fram til kryss med fylkesveg 57 Mongstadvegen. I samband med framføring av røyrleidning i tunnel til Mongstad er det utarbeidd reguleringsplan for trafikksikring av Keilevegen, utbetring av dette krysset og bygging av gang- og sykkelveg forbi Mongstad som del av framføring av røyrleidning til Mongstad i samband med Johan Sverdrup utbygginga.

Denne planen er under handsaming i Austrheim kommune.

Etter det vi har fått opplyst har Johan Sverdrup utbygginga no valt eit alternativ med legging av leidninga i sjø og dette har ført til at det er Statens vegvesen som skal fullføre det aktuelle reguleringsplanarbeidet. Dette har ført til at det er usikkert kor omfattande trafikk sikringstiltaka vert på Keilevegen fram mot krysset med fylkesveg 57.

Dersom deler av tiltaka i reguleringsplanen for framføring av rørleidning til Mongstad ikkje vert gjennomført ber vi om at Lindås kommune på nytt vurderer naudsynte trafikk sikringstiltak på den kommunale vegen Keilevegen og innarbeider eventuelle rekkjefølgjekrav i den grad det er trong for dette.

Når det gjeld den delen av Keilevegen som ligg i Austrheim kommune ber vi om at Austrheim kommune i samarbeid med Lindås kommune vurderer om det er trong for trafikk sikringstiltak for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen og utbetring av krysset med fylkesveg 57 og innarbeider eventuelle rekkjefølgjekrav i den grad det er trong for det. Statens vegvesen ber dei to kommunane samarbeide for å kome fram til eit best mogeleg resultat.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Høydalsvik Odd

Kopi

Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Austrheim kommune, Sætre marka 2, 5943 AUSTRHEIM

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.